

Utdanningsutvalet ved  
Universitetet i Stavanger  
(UU)

Årsrapport  
2021  
med plan for  
2022

# 1. Om rapporten

## Føremålet med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversend til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi<sup>1</sup> i 2021,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalet har fastsett for 2022 og vidare framover.

Rapporteringa går inn i universitetet si plan- og verksemdoppfølging (PVO-prosessen).

## Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar arbeid i utdanningsutvalet, med utgangspunkt i det mandatet styret har fastsett.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, samansetjing, samordning av saker mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet, funksjonsperiode.
- Kapittel 3: Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2021 med eit oversyn over arbeid som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2021. Rapporten byggjer på dei sakene som har vore handsama i løpet av året, og dei vedtaka som er gjorde.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for utdanningsutvalet.

Plan for utvalet sitt arbeid i 2022 kjem etter rapporten.

---

<sup>1</sup> Jmf mandatet til utvalet (vedlegg).

## 2. Utvalet

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over arbeidsområde og samansetjing for utdanningsutvalet i kalenderåret 2021.

### 2.1 Utvalet sitt arbeidsområde

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Til dette høyrer også utvikling av studieporteføljen.

Utvalet sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet.

Både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet i studia integrert i mandata sine. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

### 2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som i 2021 hadde fylgjande samansetjing:

- Prorektor for utdanning (leiar)
- 6 prodekanar for undervising
- 2 representantar for det vitenskaplege personalet
- 1 representant for det studieadministrative personalet
- 4 studentrepresentantar
- 1 representant for stipendiatane
- 1 ekstern representant

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalet har hatt fylgjande medlemmer i 2021:

Vårsemesteret:

#### Medlem

#### Varamedlem

Vårsemesteret:

Astrid Birgitte Eggen (leiar)	representant for rektoratet
Turid Borgen, prodekan for utdanning, SV	dekan
Aslaug Mikkelsen, prodekan for utdanning, HH UiS	dekan
Bjørg Frøysland Oftedal, prodekan for utdanning, HV	dekan
Brita Strand Rangnes, prodekan for utdanning, UH	dekan

Magne Olav Sydnes, prodekan for utdanning, TN	dekan
Leslie Leith Symington, prodekan for utdanning, UK	dekan
Rune Giske, professor, UH	Ingvil Førland Hellstrand, 1. amanuensis, SV
Jan Terje Kvaløy, professor, TN	Ingeborg Caroline Solli, 1. amanuensis, HHUiS
Anne Helliesen, kontorsjef, SV	Nina Egeland, rådgjevar, TN
Sanja Mrksic Kovacevic, representant for stipendiatane	Hui Cheng
Alva Amalie Eide, studentrepresentant	
Simen Hagen Ekeberg, studentrepresentant	
Lizelle Haugland, studentrepresentant	
Winusan Wijayaseelan, studentrepresentant	
Marianne Skogerbø, ekstern representant	Hallgeir Bø

Vararepresentantane for studentane har rekkefylgjerepresentasjon.

1. studentvara Amanda Julie Andberg
2. studentvara Caroline Øyaas
3. studentvara Philip Lundberg Jamissen

Leiar for UIS EVU og representant for universitetsbiblioteket, med talerett.

Hautsemesteret:

Astrid Birgitte Eggen (leiar)	Representant for rektoratet
Marit Alstveit, prodekan for utdanning, HV	dekan
Elisabeth Enoksen, prodekan for utdanning, SV	dekan
Aslaug Mikkelsen, prodekan for utdanning, HH UiS	dekan
Brita Strand Rangnes, prodekan for utdanning, UH	dekan
Magne Olav Sydnes, prodekan for utdanning, TN	dekan
Leslie Leith Symington, prodekan for utdanning, UK	dekan
Rune Giske, professor, UH	Ingvil Førland Hellstrand, 1. amanuensis, SV
Anne Helliesen, kontorsjef, SV	Nina Egeland, rådgjevar, TN
Sanja Mrksic Kovacevic, representant for stipendiatane	Hui Cheng
Mohammed Abdullah Hassan, studentrepresentant	
Sukina Khan, studentrepresentant	
Martin Solheim, studentrepresentant	
Vivi Vo, studentrepresentant	
Hallgeir Bø, ekstern representant	Hege Egaas Røen

Vararepresentantane for studentane har rekkefylgjerepresentasjon.

1. studentvara Marita Helland
2. studentvara

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket, med talerett.

Gjennom 2021 har utdanningsutvalet halde fire møte (to i vårsemesteret og to i haustsemesteret) etter ein møteplan som har vore koordinert med LU sin møteplan og styret sin møteplan. Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangerte eit felles introduksjonsseminar i september, særleg for nye medlemmer i utvala.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

## 2.3 Samordning av saker mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har i fleire år lagt møta til påfylgjande dagar for å samordna sakshandsaminga. Fleire av sakene har vorte handsama parallelt i utvala, men i kvar sitt møte. For å gjera samordninga betre, og sakshandsaminga meir effektiv, vart møta frå og med 2020 lagt til same dagen, med ein fellesbolk mellom møta i det enkelte utvalet, der saker som gjaldt begge utvala vart handsama. Desse sakene er i stor grad orienteringssaker frå prorektor for utdanning, utdanningsdirektøren, studentombodet og StOr, men der har også vore vedtakssaker i desse møta. Sakene er samla i eigne møtebøker, og har fått nemninga KU saksnr/år.

## 2.4 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode fylgjer normalt rektorvalet. Utvalet som var i funksjon i 2020 var oppnemnt frå 1. august 2019, i utgangspunktet for eitt år, på grunn av at både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet sine mandat og samansetjing skulle vurderast og eventuelt reviderast. Koronapandemien som ramma samfunnet frå mars, førde til at vurderinga vart utsett og utvala sin funksjonsperiode forlenga ut kalenderåret 2020 (KU 10/20). Rektor oppnemnde nytt utval frå 1. januar 2021, med supplerande oppnemning frå 1. august. Utvalet har funksjonstid til 31. juli 2023.

## 3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2021

Utdanningsutvalet sin plan for arbeid med utdanningskvalitet i 2021 vart vedteken i utvalet sitt møte 17. februar 2021 og er organisert under desse hovudområda: 1) kvalitet i utdanningane, 2) internasjonalisering og 3) utvalet som rådgjevande organ.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i hovudområda. For kvart hovudområde fylgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt. Det vert elles vist til utvalet sine møtebøker.

### Kvalitet i utdanningane

Tiltak:

- Kvalitetssystemet, oppfølging og eventuell revisjon.

Rapport:

Kvalitetssystem for utdanning vart revidert i løpet av fyrste halvår 2021. Dette vart gjort på bakgrunn av rapporten frå Nokut sitt tilsyn i 2019 og vurderingar som vart gjort ved fakulteta og i utdanningsleiinga. Utdanningsutvalet vart orientert om arbeidet med revisjonen i møte 17. februar.

Sak om rapportering av EVU-aktivitet, som ein del av kvalitetssystem for utdanning, vart handsama i møtet 10. november.

Utdanningsutvalet ser at det er gjort eit grundig og naudsynt arbeid med å utvikla kvalitetssystem for utdanning fram til ei ordning som vil vera ein god reiskap for å ivareta og styrkja kvaliteten i utdanningstilbodet ved institusjonen.

Saka vil verta fylgd opp av utvalet i 2022.

- Periodisk evaluering av studieprogram, i følgje plan som utvalet har vedteke.

Rapport:

Utvalet laga i 2018 ein plan for periodisk evaluering og reakkreditering av alle gradsstudia for 2019 – 2024. Denne planen vert revidert kvart år. Utvalet får rapportar frå evalueringa, med tilråding frå dekan, til handsaming i siste møte for gjeldande år eller i det fylgjande året. I møta i februar, mai og september handsama utvalet rapportar frå 2020 som ikkje hadde vorte ferdige til siste møtet i 2020. Til saman fire bachelorprogram og åtte masterprogram vart reakkrediterte.

I møtet 10. november handsama utvalet rapportar frå evaluering av tre bachelorprogram og eitt masterprogram. Alle studieprogramma vart reakkrediterte.

Utvalet fastsette 22. september revidert plan for periodisk evaluering av studieprogram for 2022. To bachelorprogram, åtte masterprogram og eitt ph.d.-program skal evaluerast i 2022.

Utdanningsutvalet si vurdering er at ordninga med periodisk evaluering av studieprogramma er komen inn i eit godt spor. Det vert gjort godt og grundig arbeid i dei sakkyndige komitéane. I rapportane er der framlegg til tiltak for å betra studia, noko fakulteta fylgjer opp i sine planar. Utdanningsutvalet er nøgd med at alle studieprogramma som har vorte evaluerte så langt har vorte tilrådde reakkrediterte.

- NOKUT sitt tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved UiS.

Rapport:

Nokut gjennomførte tilsyn med kvalitetsarbeidet ved UiS i 2019. Rapporten som låg føre i 2020 avdekkja vesentlege manglar, og Nokut sitt styre ga universitetet frist på to år til å retta opp desse manglane. Ny dokumentasjon vart sendt til Nokut juni 2021. Nokut gjennomførte nytt tilsyn i september. Rapporten frå tilsynet var klar i desember og styret i Nokut godkjende kvalitetssystemet. Den sakkyndige komiteen har tillit til at institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid sikrar og vidareutviklar utdanningskvaliteten.

Vedtaket i Nokut sitt styre låg føre etter at utvalet hadde hatt det siste møtet i 2021.

Utdanningsutvalet er svært tilfreds med at Nokut har godkjent det systematiske kvalitetsarbeidet ved UiS. Utvalet har jamnleg vorte orientert om arbeidet med å byggja opp nytt kvalitetssystem for utdanning, og har hatt høve til å gje innspel i prosessen.

- Kvalitet i studieportefølje, studieprogram og emne.

Rapport:

Utvalet har handsama ei rekkje saker om kvalitet i studieportefølje og studieprogram i løpet av året. Fylgjande studier har vorte akkrediterte:

- ph.d.-program i kunstnerisk utviklingsarbeid. Dette er ein fellesgrad med Universitetet i Agder.
- Bachelorprogram i ingeniørfag, medisinsk teknologi.
- Bachelorprogram i ingeniørfag, batteri- og energiteknologi.

- Masterprogram i energi, reservoar og geovitenskap.
- Masterprogram i barnevernsarbeid.

Fylgjande studieprogram vart tilrådde lagde ned. Det er styret som gjer endeleg vedtak.

- Master's Programme in Petroleum Geosciences Engineering og spesialiseringa i reservoarteknologi i Master's Programme in Petroleum Engineering.
- Nordic Master in Social Work and Welfare.

Utvalet vart orientert om utgreiingsløyve for nye studieprogram, gitt av rektor.

Utvalet vart orientert om arbeid med planleggjing av studieplasser for 2022 – 2023 i møtet 17. februar og ga råd til styret om fordeling av studieplassar i møtet 22. september. Denne saka heng nøye saman med saker om akkreditering og nedleggjing av studier.

Dei to utvala vart i møtet 17. februar orienterte i ei samla sak om tre evalueringar som vart gjennomførde hausten 2020: emneevaluering, Studiebarometeret og undersøkinga av studentane si oppleving av undervising i koronatida.

Utvalet vart også helde orientert om søknad til Nokut om akkreditering av profesjonsutdanning i psykologi og master i rettsvitenskap.

Utvalet vart orientert om kvalitetsrapporten for 2020 i møtet 22. september.

Arbeid med studieporteføljen, som inkluderar akkreditering og større endringar i studieprogramma, er ein viktig del av utdanningsutvalet sitt ansvar for kvalitet i studia. Utdanningsutvalet ser at ordninga for akkreditering av studier fungerer godt etter intensjonen, der dei faglege vurderingane vert gjort i fagmiljøet og av eksterne fagfeller, og der dei sjekkpunkta som er lagde inn undervegs i prosessen er aktive. Slik kan utvalet oppfylle si oppgåve i akkrediteringsprosessane, nemleg å sikra at det nødvendige kvalitetsarbeidet er gjort.

- Kvalitetsutviklande verkemiddel - FOU i tilknytning til utdanningane og til undervising.

Rapport:

Utvalet hadde ingen saker til dette punktet i 2021.

- Eksternt finansierte prosjekt innføre utdanningane.

Rapport:

Utvalet hadde ingen saker til dette punktet i 2021. Det vart lagt fram eit oversyn over mogelege finansieringskjelder i siste møtet i 2020, og det kjem ein rapport til fyrste møtet i 2022.

- Tildeling av interne midlar under tittel «Utdanningsfronten er forskningsbasert».

Rapport:

Utvalet handsama sak om tildeling av midlar under strategiske prosjektmiddel «Utdanningsfronten er forskningsbasert» i møtet 17. februar. På grunn av at søknadsfristen var tett opp til møtedato, vart myndighet til å vedta tildeling gitt til prorektor for utdanning. Enkelte av prosjekta er vidareførde til 2022.

- Utvikling av eit heilskapleg system for kompetanseheving og kvalitetsutvikling ved UiS (inkluderar også einingane Uniped og NettOp).

Rapport:

Utvalet hadde ingen saker til dette punktet i 2021.

- Fylgja opp stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i utdanningane (planlagt våren 2021).

Rapport:

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet vart orientert om Meld. St. 16 (2020-2021) *Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høgare utdanning* i møtet 19. mai. Meldinga gir fleire signal som er relevante og som vil ha verdi for høgare utdanning.

## Internasjonalisering

Tiltak:

- ECIU University og utfordringsbasert læring. Utvalet er referansegruppe til prosjektet og vil halda seg oppdatert og informert om samarbeidet.

Rapport:

Utvalet handsama fleire saker knytt til ECIU University og utfordringsbasert læring. Det vart fastsett malar for utfordringar som UiS tilbyr i alliansen. Desse vil gå inn i kvalitetssystem for utdanning.

Utvalet diskuterte og ga råd til styret om vidare deltaking i ECIU-alliansen, i møtet 22. september. Nåverande prosjektperiode får ut i 2021, og det er lyst ut for å søkja om nytt prosjekt gjennom Erasmus+.

- Utvikla tiltak under Handlingsplan 2024 som svarar på Meld. St. 7 (2020–2021) - En verden av muligheter.

Rapport:

Stortingsmeldinga handlar om internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning, som vart lagt fram for Stortinget våren 2021. Hovudtrekka frå meldinga, korleis det vert arbeidd med dette ved UiS, og kva som er dei vidare planane på dette området vart lagt fram i fellesmøtet mellom utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet 17. februar. Tiltaksplan for oppfølging av meldinga vil verta lagt fram for utvala våren 2022.

## Utvalet som rådgjevande organ

Tiltak:

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.

Rapport:

Utvalet har handsama ei rekkje saker om ordningar som vedkjem utdanningane. Utvalet har sjølv vedteke eller gitt råd til styret om fastsetjing av fylgjande reglar, retningslinjer og forskrifter:



Retningslinjer for dekning av utgifter til reise og hybel i forbindelse med praksis  
Retningslinjer for digital gjennomføring av munnleg eksamen  
Felles rutiner ved mistanke om fusk  
Utfyllende regler for opptak til fordypninger  
Utfyllende regler for opptak til masterstudier og videreutdanninger 2022  
Fastsetting av krav til karakternivå og omregningsskala for søkere med utenlandsk utdanning  
Begrunnelse for karaktersetting  
Undervisningsterminar 2022 – 2023  
Forskrift for ph.d. i kunstnerisk utviklingsarbeid  
Endringer i forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger  
Endring i forskrift om egenbetaling

Vidare har utvalet handsama fylgjande saker om tildeling av prosjektmiddel til utdanningane:  
Utdannings- og læringsmiljøprisen 2021, tildeling  
Tildeling av prosjektstøtte for 2021

Utvalet har vorte orientert om og diskutert endringar i universitets- og høgskulelova og forslag om krav til to sensorar ved alle eksamenar som har gradert karakterskala A-F.

Ein annan viktig del av utdanningsutvalet sitt mandat i arbeidet med kvalitet i utdanningane, er fastsetjing av regelverk som vedkjem gjennomføring av utdanningane. Utvalet skal også gi råd til styret om fastsetjing av forskrifter om utdanning, og halda seg orientert om nasjonalt lovverk og føringar. Utvalet meiner å ha oppfylt denne oppgåva på ein tilfredsstillande måte også i 2021.

- Kvalitetsseminar, evaluering og vidare planleggjing.

Rapport:

På grunn av den vedvarande koronapandemien og smittevernstiltak, har det ikkje vore arrangert kvalitetsseminar i 2021.

- Utvikling av UIS Handlingsplan 2024.

Rapport:

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet handsaming av Stortingsmelding 7 (2020-2021) - En verden av muligheter i møtet 17. februar. Utvala ber om at det vert lagt fram ny sak med framlegg til tiltak i løpet av 2021, og at dette går inn i det generelle planverket som en del av Handlingsplan 2024 (nå 2025).

# Plan for utvalet sitt arbeid i 2022

Planen er i samsvar med utvalet sitt mandat og det vedtekne årshjulet. Dei fleste sakene som utvalet får til handsaming går fram av desse. Planen framhevar saker som utvalet vil få til handsaming i 2022, og vil danna grunnlag for rapportering og utvalet sin eigenrapportering når året er omme.

Planen for 2022 skal ha tre hovudområde, og tiltak under kvart område.

## **Kvalitet i utdanningane**

- Oppfylgjing av NOKUT-tilsynet og eventuell revisjon av kvalitetssystemet.
- Periodisk evaluering av studieprogram, i fylgje plan som utvalet har vedteke.
- Akkreditering av nye studieprogram.
- Kvalitet i studieportefølje, studieprogram og emne.
- Kvalitetsutviklande verkemiddel - FOU i tilknytning til utdanningane og til undervising.
- Eksternt finansierte prosjekt innføre utdanningane.
- Studiebarometeret og andre undersøkingar.
- Bruk av og oppfylgjing av SHoT-undersøkinga.
- EVU. Omfang, innhald og styring.
- Digitale og tekniske ressurser.

## **Internasjonalisering**

- ECIU University og utfordringsbasert læring. Utvalet er referansegruppe til prosjektet og vil halda seg oppdatert og informert om samarbeidet.
- Studentmobilitet, inn- og utreisande studentar, som integrert del av studieplanutvikling.
- Korleis utreisande studentar vert brukte når dei kjem heim igjen.

## **Utvalet som rådgjevande organ**

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og vil gje råd til styret når dette er relevant.
- Kvalitetsseminar, evaluering og vidare planleggjing.

## **Mandat og sammensetning for utdanningsutvalget (UU) ved UiS**

Fastsatt av universitetsstyret 10. desember 2020

Utdanningsutvalget er opprettet av UiS-styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsspørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal akkreditere og reakkreditere universitetets gradsstudier på styrets vegne og se til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles.

Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget.

### **I. Utvalgets mandat**

Utdanningsutvalget skal:

- a. Akkreditere nye gradsstudier på bachelor, master og ph.d.-nivå.
- b. Fatte vedtak i saker om reakkreditering av gradsstudiene på bachelor, master og ph.d.-nivå.
- c. Fastsette retningslinjer for akkreditering, periodisk programevaluering og reakkreditering av universitetets studier.
- d. Fastsette prosedyrer og maler for universitetets kvalitetsarbeid i utdanningene
- e. Behandle og fatte beslutning i saker om kvalitet i studieprogram og -portefølje
- f. Fastsette universitetets undervisningsterminer.
- g. Fastsette unntak fra krav til emnestørrelse.
- h. Fastsette andre felles studieadministrative regler og retningslinjer.
- i. Gi råd til styret i de årlige sakene om kvalitet i studieportefølje, etablering og nedlegging av studier, navneendringer og dimensjonering av studiene.
- j. Gi råd til styret når lokale forskrifter om utdanningsvirksomheten skal fastsettes eller endres.
- k. Gi råd til styret ved større endringer i kvalitetssystemet for utdanning.
- l. Gi råd til styret i saker om utdanningsvirksomheten som er av strategisk betydning.
- m. Avgi årlig rapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.
- n. Koordinere utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- o. Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningspolitikk og gi råd om universitetets oppfølging.

### **II. Sammensetning**

Rektor oppnevner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalget.

Utvalget har følgende sammensetning:

- Prorektor for utdanning (leder)
- 6 prodekaner for utdanning
- 1 representant for det vitenskapelige personalet
- 1 representant for det studieadministrative personalet
- 4 studentrepresentanter utpekt av StOr
- 1 representant for stipendiatene utpekt av UiS DC

- 1 ekstern representant

Alle medlemmene, bortsett fra studentrepresentantene, har personlige varamedlemmer.

Representant fra rektoratet er vararepresentant for prorektor for utdanning. Utvalget oppnevnes for fire år om gangen og følger rektorperioden. Studentene oppnevnes for ett år om gangen. Vararepresentantene for studentene har rekkefølgerepresentasjon.

Utdanningsdirektøren er utvalgets faste sekretær og sørger, etter samråd med prorektor, for utredning av saker til utvalget.